

**Fra:** Aud Sølvi Fosse Drengenes <terjedre@online.no>  
**Sendt:** mandag 20. september 2021 21:25  
**Til:** Postmottak Alver  
**Kopi:** Kjartan Århус  
**Emne:** Landbruksveg g.nr. 325 b.nr. 11 Fosseskaret  
**Vedlegg:** Avkøyrsleløyve 2021.07.09\_Nye\_Alver\_kommune\_Post\_fra\_4631\_Alver (2).pdf; Godkjent arbeidsvarslingsplan - Fosseskarvegen - ref. 2012134 - 2047801 og 216178 -2149629.pdf; Arbeidsvarslingsplan Fosseskarvegen - flytting av eksisterende avkjørsle.pdf; Avkøyrsle med ÅDT mindre enn 50 frå lokalveg L2.docx; Situasjonsplan avkøyrsle til landbruksveg.pdf; Godkjenning av landbruksveg Fossevegen gnr 325 bnr 11.pdf

Til Alver kommune, byggjesaksavdelinga

Viser til samtale med byggjesaksvakta v/Ingrid Pedersen 20.09.21.

Godkjent landbruksveg:

G.nr. 325 b.nr. 11 har i administrativ sak 781/20 fått godkjent landbruksvegen Fossevegen.

Godkjent avkøyrsle:

Landbruksvegen tek utgangspunkt i eksisterande avkøyrsle til g.r. 325 b.nr. 11 og 93, som vi har søkt om å utbetre for å stette gjeldande krav til sikt og utforming. Avkøyrsla vert derfor flytta omlag 4 meter mot nord.

Alver kommune har i vedtaksbrev den 09.07.21 gjeve løyve til flytting av avkøyrsle frå kommunal veg KV 2163, samt endra/utvida bruk av denne. Avkøyrsla vert bygt i samsvar med gjeldande krav som er sett og som framgår av vedlegg.

Godkjent arbeidsvarslingsplan:

Alver kommune har den 15.09.21 godkjent Entreprenør Aarhus Anlegg AS sin arbeidsvarslingsplan for graving i samband med bygging av landbruksveg. I løyvert er det oppgitt følgjande vilkår:

*"Vegmynde har, i samband med flytting av avkøyrsle, ikkje handsama graveløyve da dette vert ein del av godkjent byggjeløyve etter plan og bygningslova."*

Spørsmål til byggjesaksavdelinga:

Etter råd frå byggjesaksvakta ber vi dykk vurdere om vegen, som har godkjenning som landbruksveg med godkjent avkøyrsle, treng graveløyve etter plan og bygningslova for å etablere avkøyrsla slik den er godkjent.

Det er fint om vi kan få ei rask tilbakemelding då vi ynskjer å komme i gang med arbeidet snarast.

Ta kontakt på om de treng utfyllande opplysningar.

Med helsing

Aud Sølv Fosse Drengenes og Terje Drengenes